

(kommunevåpen leggjast inn ved vedtatt plan)

LINDÅS KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER FOR: VESLEHEIMEN

jf. plan- og bygningslovens (pbl) § 12-7

VESLEHEIMEN, GNR. 137 BNR. 63 M. FL.

Saksnr. / dok.nr. 2013/440
Nasjonal arealplanID 1263_201303
Vedtatt dd.mm.åå
Sist revidert 02.09.2015

PLANEN SIN INTENSIJON

Planen sin intensjon er å legge til rette for etablering av bustader.

§ 1 FELLES FØRESEGNER

1.1 Byggjegrenser

- 1.1.1 Nye byggverk skal plasserast innanfor byggjegrensa. Eksakt plassering blir godkjend av kommunen som ein del av byggjesaksbehandlinga.
1.1.2 Tiltak nemd i Pbl § 29-4 b samt forstøtningsmurar kan plasserast nærmere nabogrensa enn regulerte byggjegrenser.

1.2 Terrengbehandling og murar

- 1.2.1 Ny utbygging skal tilpassast eksisterande terreng.
1.2.2 Ved utarbeidning av utomhusplanar skal det leggjast vekt på miljømessige kvalitetar i val av material, vegetasjon og belysning.
1.2.3 Alle terrenghinngrep skal skje skånsamt. Større trær og anna verdifull vegetasjon skal sokjast bevart.

1.7 Tilkomst utrykkingskøyretøy

- 1.7.1 Det skal sikrast tilfredsstillande tilkomst for alle utrykkingskøyretøy.

1.8 Utforming / bygningsestetikk og materialbruk

- 1.8.1 Dei nye bustadene i planområdet skal ha god materialbruk og gjevest ei utforming med høy arkitektonisk kvalitet.
1.8.2 Ved utarbeiding av byggeplaner skal det leggast vekt på miljømessige kvalitetar i val av materiale, vegetasjon og belysning.

§ 2 UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

2.1 Utomhusplan

- 2.1.1 Det skal leverast inn utomhusplan i samband med søknad om rammeløye. Utomhusareala skal utformast etter prinsipp om universell utforming.
2.1.2 Utomhusplan skal være i målestokk 1:500 og det skal gjerast greie for avkjøyrslar, eksisterande og framtidig terren, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trapper, gjerder og uteoppholdsareal.

- 2.1.3 Utomhusplanen skal vise at prosjektet oppnår tilstrekkeleg differensiering mellom privat og felles uteoppholdsareal. Saman med utomhusplanen skal det innleverast skriftleg utgreiing for korleis føresegnerne sine krav er oppfylt.

2.2 Massehandtering

- Det skal utarbeidast plan for handtering og deponering av masser. Deponering av masser skal skje til godkjend mottak.

2.3 VA-rammeplan

- I forkant av innsending av søknad om rammeløye skal det føreliggje godkjend rammeplan for vassforsyningss-/ overvatns- og spillvatnssystemet, samt uttak for brannslokking.

§ 3 REKKEFØLGEKRAV


- 3.1 Følgande tiltak skal vere utført før det kan gjevest midlertidig bruksløye/ferdigattest til BBB1;
- Leikeplass, f_BLK1.
- Veg, f_SV1-f_SV3, SV4, SV5.
- Parkeringsplassar, f_SPP1.
- Kommunaltekniske anlegg, f_BKT.
- VA-anlegg.

- 3.2 Følgande tiltak skal vere utført før det kan gjevest midlertidig bruksløyve/ferdigattest til BBB2;
 - Leikeplass, f_BLK2.
 - Veg, f_SV1-f_SV3, SV4, SV5 og f_SV6.
 - Parkeringsplassar, f_SPP2.
 - Kommunaltekniske anlegg, f_BKT.
 - VA-anlegg.
- 3.3 Følgande tiltak skal vere utført før det kan gjevest midlertidig bruksløyve/ferdigattest til BBB3;
 - Leikeplass, f_BLK3.
 - Veg, f_SV1-f_SV3, SV4, SV5.
 - Parkeringsplassar, f_SPP1.
 - Kommunaltekniske anlegg, f_BKT.
 - VA-anlegg.

§ 4
BYGG OG ANLEGG
 (tbl § 12-5 nr.1)

- 4.1 Bustader - frittliggjande småhus**
- 4.1.1 BFS1 har ei utnytting på 30 % BYA og maks byggehøgde på 8 meter. Det tillatas ein einebustad innanfor BFS1
- 4.1.2 BFS2 har ei utnytting på 30 % BYA og maks byggehøgde på 8 meter.
 Det er mogleg å leggje til rette for 2 einebustader innanfor BFS2.
 Altaner innenfor BBB2 kan berre vere sørvestvendte og ikkje vende mot nabo innenfor BFS2.
- 4.1.1 BFS1 har ei utnytting på 30 % BYA og maks byggehøgde på 8 meter. Det tillatas ein einebustad innanfor BFS3.
- 4.2 Bustader - blokk**
- 4.2.1 Maks byggehøgde for BBB1 og BBB3 er 8 meter over gjennomsnittleg planert terreng.
- 4.2.1 Maks byggehøgde for BBB2 er 11 meter over gjennomsnittleg planert terreng.
- 4.2.2 Innanfor BBB1 er det tillate med oppføring av 4 leilegheiter med ei utnyttlingsgrad på 40 % BYA.
- 4.2.3 Innanfor BBB2 er det tillate med oppføring av 9 leilegheiter med ei utnyttlingsgrad på 35 % BYA.
- 4.2.4 Innanfor BBB3 er det tillate med oppføring av 5 leilegheiter med ei utnyttlingsgrad på 40 % BYA.

- 4.3 Kommunaltekniske anlegg**
- 4.3.1 f_BKT er området avsett til søppelhandtering for BBB1-BBB3.
- 4.4 Uteopphold**
- 4.4.1 Uteoppaldsarealet skal plasserast solvendt, ha ei funksjonell form og skjermast mot vêr og vind.
- 4.4.2 Uteoppaldsarealet skal opparbeidast og plantast til. Det er tillate å setje opp benkar og liknande.
- 4.5 Leikeplass**
- 4.5.1 Leikeareala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt og trafikkfare.
- 4.5.2 Leikeareala skal ha eit utandørs ekvivalent støynivå under 55 dBA
- 4.5.3 Leikeareala skal ikkje vere brattare enn 1:3.
- 4.5.4 Leikeareala skal utstyrt med godkjente sittegrupper og leikeapparat, t.d. sandkasse, huskestativ og sklie.
- 4.5.5 På leikeareala skal eksisterande terreng og vegetasjon søkjast bevart for å få eit variert leikeområde.



§ 5
SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
 (tbl § 12-5 nr. 2)

- 5.1 Veg**
- 5.1.1 f_SV1 og f_SV2 er regulert med ei breidde på 3,5 meter.
- 5.1.2 f_SV3 er tilkomst for 137/47,762,763,764.
- 5.1.3 SV4 er tilkomst for BFS3.
- 5.1.4 SV5 er tilkomst for BFS2.
- 5.1.5 f_SV6 er tilkomst til f_SPP2.
- 5.2 Fortau**
- 5.2.1 o_SF1 og o_SF2 er regulert med ei breidde på 2,5 meter.
 o_SF3 er regulert med ei breidde på 2,5 meter og 3 meter.
- 5.3 Anna vegggrunn - teknisk anlegg**
- 5.3.1 o_SVT1-o_SVT4 og f_SVT5-f_SVT9 er restareal langs veg, avsett til grøftar og liknade.

5.4 Parkeringsplassar

- 5.4.1 f_SPP1 er felles parkering for BBB1-BBB3.
- 5.4.2 f_SPP2 er felles parkering for BBB2.
- 5.4.3 Det skal setjast av 1,5 parkeringsplass per leilegheit.
- 5.4.4 Minimum 10 % av parkeringsplassane skal vere utforma for rørslehemma.

§ 6

GRØNTSTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 3)

6.1 Naturområde

- 6.1.1 GN er område avsett til naturområde.

§ 7

OMSYNNSONER

(pbl § 12-6)

7.1 Frisiktszone ved veg (pbl § 11-8 a)

- 7.1.1 I området med frisiktsline og veg, frisiktssone, skal det ved avkøyrlar vere fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over tilgrensande veg sitt plan.